

MØTE I FEIOS SOKNERÅD MÅNDAG 20. JANUAR I FEIOS KYRKJE

Desse møtte: Monica Feidje Midlang, Maria Tveit Lunde, Leif Eikeland, Ingvar Vangsnes, Gjertrud Samland, Åse Grindedal

Sak 1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Astrid Tveit har ikkje fått innkallinga. Ingvar sjekkar epostadressene på nytt. Innkalling og sakliste vart godkjende.

Sak 2/20 Godkjenning av møtereferat frå sist møte 15.august

Referatet er godkjent.

Sak 3/20 Gudstenestepplan med framlegg til vertar og offer

- 19.januar: Offer: Trusopplæringa i Vik, kyrkjevert: Åse Grindedal
- 1.mars: Offer: Kirkens SOS Bjørgvin, kyrkjevert: Astrid Tveit
- 29.mars: Offer: Sygna vidaregåande, kyrkjevert: Maria Tveit Lunde
- 12.april: Offer: Ungdomsklubben i Feios, kyrkjevert: Gjertrud Samland
- 16.mai: Offer: kyrkjelydsarbeid i Feios, kyrkjevert: Leif Eikeland, Monica Feidje Midlang
- Juni: Offer: Sjømanskyrkja, kyrkjevert: Åse Grindedal

Sak 4/20 Fastsetje dato for dugnad og årsmøte

- Årsmøte: 1.mars etter gudstenesta
- Dugnad på kyrkjegarden: måndag 4.mai, kl.1700 (Gjertrud Samland annonserer)

Sak 5/20 Ungdomsklubben

Britt Inger Eikeland tek ansvar for ungdomsklubben.

Datoar våren 2020:

29.januar, 26.februar, 25.mars, 29.april (felles med Fresvik)

Sak 6/20 Status midlar til Feios kyrkje

Leif Eikeland informerte om pengestøtta på kr 300000 som Feios kyrkje er tildelt til vedlikehald. Dette forutset 40% eigenandel. Handverkar Tor Feidje utfører restaureringa innan 1.juni. Det er søkt om støtte frå Bygdalaget og ein planlegg å søkje til mellom anna Fylkeskommunen og Rørosstiftelsen for å dekke eigenandelen.

Sak 7/20 Fasteaksjon med konfirmantane

Kyrjekontoret i samarbeid med Åse Grindedal tek initiativ og organiserer. Sidan det berre er ein konfirmant trengst det forsterkingar. Ungdomane som stiller får brus og sjokolade.

Sak 8/20 Prestetilsetjing

Det er utlyst 200% prestestilling i Vik kommune. Sokneråda skal innstille frå søkjarlista. Det vert truleg møte for alle soknerådsmedlemmer i kyrkjestova i byrjinga av februar med orientering. Frist for innstilling 5/2.

9/20 Ymse

Det vert bede om å ta opp att sak 12/19: Tilrettelegging for rullestol i kyrkjerommet.

Sak 10/20 Reperasjon av tak

Denne saka kom opp under ymse og er så viktig at det vart oppretta eiga sak. Under sist storm fall det ned 3 takheller. Ingvar Vangsnes tek kontakt med ein byggmeister for å utbetre skadane.

Møteslutt: 1945

Referent: Gjertrud Samland

